



Statens vegvesen Region Vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/1018 - 19/26280

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
19.12.2019

Høyring - Særskilt fartsgrense Kv2017 - Markavegen, Meland kommune

Meland kommune har motteke innspel om å skilte 1256 Kv2017 Markavegen med 30 km/t. Til no har ikkje Markavegen hatt særskilt fartsgrense. Vegen er ein blindveg og har sitt startpunkt i Havnevegen, som har vegreferanse Kv2015. Bustadfeltet i Markavegen består av ein blanding av einebustader, tomannsbustader og firemannsbustader tett plassert på begge sidar av vegen. Dei fleste av bustadane har korte utkjørsler ut i vegen.

Markavegen er ca. 215 m lang med variert vegbreidde på mellom 2,5 og 4,5 m. Vegen er tilkomstveg til bebuarar og tilkomstveg til Havnevegen og til Meland ungdomsskule for skuleborn. Der er veglys.

Meland kommune vurderer at vegen bør skiltast 30 km/t ettersom den er smal enkelte stader og det er uklart kva den generelle fartsgrensa er. Kommunen vurderer at det bør skiltast med skilt nr. 362.30 30 km/t frå 1256 Kv2017 hp1 m0 til Kv2017 hp1 m214 og med gjentakingskilt ved start og ved slutt. Skiltinga er vist i vedlagte skiltplan.

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ber vi om uttale frå Vest politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale er satt til 24.01.2020.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartskisse Markavegen Kv2017

Mottakaren:

Statens vegvesen Region Vest
Vest politidistrikt

Postboks 43
Postboks 85

6861
6901

LEIKANGER
FLORØ